



Sogn regionråd

Opplæringsavdelinga

Sakshandsamar:

Siri Merete Nedland

E-post: Siri.Merete.Nedland@sfj.no

Tlf.: 57 65 62 11

Vår ref.

Sak nr.: 12/8427-46

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

5804/14

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 17.02.2014

Pedagogisk-psykologisk teneste - tilbakemelding på prosjektrapport

Innleiing

Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer å rose kommunane i Sogn for den omfattande satsinga på skule og barnehage dei siste åra. Etter det vi kjenner til er det ikkje gjort tilsvarande satsing i fylket, og vi ser at dette arbeidet vil gje gode resultat over tid.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vart i møte med rådmennene i Vik, Leikanger og Sogndal 13.2.2014 invitert til å komme med ei fråsegn til endeleg rapport frå forprosjektet om felles pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn. Møtet med rådmennene kom i stand etter initiativ frå fylkeskommunen, i samband med revisjon av samarbeidsavtalane om pedagogisk psykologiske tenerster. Sogn og Fjordane fylkeskommune er eigar av PPT Sogndalsregionen, der kommunane Vik, Leikanger og Sogndal kjøper tenerster. Samarbeidet er regulert gjennom ein samarbeidsavtale for fire år. Fylkeskommunen orienterte kommunane i brev 08.01.2013 om at arbeidet med ny revisjon var sett i gong, og inviterte til samarbeid om grunnlaget for ny avtale.

Sogn regionråd skrev i felles brev frå dei tre kommunane til fylkeskommunen 27.2.2013:
«....går Sogn regionråd går no i gang med å vurdera alternative måtar å organisere PP-tenesta på.....Saman med leiarane frå PP-tenesta, tillitsvalde, rektorar, styrarar og kommuneleiring ønskjer vi å finne fram til sterke og svake sider ved dagens modell og samarbeidsformer, og teikne rammer for ein ny modell og andre måtar å arbeide på som kan løyse utfordringane på ein betre måte. Vi kan ikkje halde fram slik situasjonen er no.»

Gjeldande avtale er no forlenga fram til 1.7.2015, då kommunane ønskte meir tid til å greie ut alternativ organisering av tenestene. Kommunane har ein frist til 31.12.2014 for å melde frå om dei ønskjer vidare samarbeid med fylkeskommunen. Som eigar av tenesta og med arbeidsgjevaransvar for tilsette i PPT Sogndalsregionen, må fylkeskommunen bruke våren 2015 til eventuelt å tilpasse drifta til nye rammer.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer innleiingsvis òg å understreke at det ikkje er usemje om at omfanget av spesialundervisning i grunnopplæringa generelt sett er for høgt. Det er behov for stort fokus på, og ein grundig gjennomgang av, årsaker til og verknader av dette. Ein gjennomgang av organisering av og tenerster frå den pedagogisk-psykologiske tenesta er heilt naudsynt i eit slikt arbeid.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer også å knyte nokre kommentarar til prosessen rundt forprosjektet. Etter vår vurdering har denne vore uryddig og lite formalisert i høve fylkeskommunen som eigar av PPT Sogndalsregionen. Fylkeskommunen ønskjer å ivareta sine tilsette på ein best mogeleg måte, ikkje minst når det gjeld prosessar som vedkjem deira arbeidstilhøve.



Prosjektplan, mandat for prosjektgruppa og endelig rapport frå forprosjektet

Prosjektrapporten frå forprosjektet gjer grundig greie for utfordringane på det spesialpedagogiske feltet. Av prosjektplanen går det fram at forprosjektet skal gje svar på om det er mogeleg å etablere ei felles pp-teneste for regionrådskommunane, og ".....avgjerslegrunnlag for politisk leiing til å vurdere om det er grunnlag for å gå vidare med eit hovudprosjekt".

I følgje mandatet skal prosjektgruppa ".....sjå nærare på korleis kommunane kan etablere ei felles pp-teneste i Sogn. Forprosjektet skal vurdere samarbeidsløysingar, arbeidsoppgåver, stillingsomfang, gevinstar, finansiering og rutinar for sakshandsaming". Prosjektrapporten spør også "..... Får brukarane samla sett eit best mogeleg tilbod innanfor gjeldande struktur, eller innanfor ein ny struktur?...." (s5)

For å kunne svare på dette er, frå Sogn og Fjordane fylkeskommune sin ståstad, ei evaluering ein føresetnad, både organisering av og innhaldet i tenesta. Det går òg fram av både prosjektmandatet og brevet frå Sogn regionråd av 27.2.2013 at ei slik evaluering skal gjennomførast.

Fylkeskommunen er ikkje kjend med ei slik evaluering, og det går heller ikkje fram av rapporten at ei evaluering er gjennomførd, verken når det gjeld organisering av tenesta eller tilgangen til og kvalitet på tenester. Som eigar av tenesta har heller ikkje fylkeskommunen på noko tidpunkt vore invitert til drøfting av problemstillingane som ligg til grunn for prosjektrapporten.

Dei 7 (i praksis 5) spørsmåla til kommunane (25.11.2013) gir ein del synspunkt på pedagogisk-psykologisk teneste, men kan etter vår vurdering ikkje sjåast på som ei evaluering. Ordlyden i spørsmål 2 og 3 gir sterke føringar for svara på dei tre siste. Ved å innleie med spørsmål om det er trong for å omorganisere eller ikkje, seier ein indirekte at alle utfordringar i pp-tenesta er knytte til organiseringa av tenesta. Vi er heller ikkje samde i at spørsmåla gir «mengder av informasjon» som kan brukast i denne samanhengen. Som eigar av tenesta hadde det vore like interessant å sjå kva dei ulike respondentgruppene har svart, som ei kategorisering i 6 «knaggar»..

Den manglande evalueringa svekkar, slik vi ser det, rapporten som grunnlag for avgjerd om å gå vidare til eit hovudprosjekt.

Prosjektrapporten inneholder elles påstandar som ikkje har grunnlag i verken forsking, nasjonale føringar for tilpassa opplæring og spesialundervisning eller lovverket.

Som døme kan nemnast «..... Poenget er at ein gjennomgåande pp-teneste er ein struktur som opprettheld og verkar drivande på omfang og forbruk» (s 15). Denne påstanden er ikkje underbygd, og samsvarar heller ikkje med sentrale faglege vurderingar, t.d. i *NOU 2009:18 Rett til læring:*

Utvalget har diskutert om en bør anbefale lov- eller forskriftsfestiging av gjennomgående PP-tjeneste, og om det bør fastsettes normer for bemanning av tjenesten. Utvalget har ikke funnet det riktig å komme med konkrete forslag verken når det gjelder gjennomgående tjeneste eller bemanningsnorm.

Påstanden på s 19 om at «....Dei to andre hovudkategoriane, minoritetsspråklege elevar og åtferdsproblem, må løysast av barnevern, barnehage og grunnskulen. Dette er utelukkande eit kommunalt ansvar.» Dette er ikkje i samsvar med lov- og regelverk.

Prosjektrapporten viser til at dei organisatoriske modellane i Sogn har vakse fram over tid, og meir eller mindre tilfeldig. Dette er ikkje rett. Fylkeskommunen inviterte i 2004 til ei grundig drøfting og ein grundig gjennomgang av den pedagogisk-psykologiske tenesta i fylket, både når det galdt organisering og kompetanse, i nært samarbeid med alle kommunane. Dagens modell i Sogn speglar den einskilde kommune si haldning til dette den gongen. Ved seinare revisjonar av samarbeidsavtalane har verken kommunane eller fylkeskommunen komme med framlegg om alternativ organisering. Vi trur heller ikkje at gjeldande modell vert opplevd som så kompleks av den einskilde kommune, slik det går fram av rapporten. Kommunane får etter det vi kjenner til tenester frå eitt kontor, ikkje alle.

Prosjektrapporten omtalar vidare aktivt eigarskap og god bestillarkompetanse som ein av fleire kritiske suksessfaktorar for å redusere omfanget av enkeltvedtak. Dette er eit synspunkt fylkeskommunen deler. Vi har dei tre siste året har lukkast i å redusere omfanget av spesialundervisning i vidaregåande skule gjennom systematisk rettleiing mot både skulane og pp-tenesta. Det gjeld òg der fylkeskommunen kjøper tenester hos kommunar, t.d. gjennom PPT for Indre Sogn.

Til orientering opplyser vi at Årdal og Lærdal kommunar har forlenga sin samarbeidsavtale med fylkeskommunen i fire nye år frå 1.1.2014. Det er ein feil i rapporten på s 3, der det står at PPT Indre Sogn har 3,5 årsverk. Årdal kommune reduserte frå 1.1.2014 sin del av tenesta, slik at samla årsverk no er 2,9.

Konklusjon

For Sogn og Fjordane fylkeskommune si side er det eit uttrykt mål at alle elevar og lærlingar skal få ei vidaregåande opplæring dei kan meistre og vekse på. Pedagogisk-psykologisk teneste skal vere ein viktig medspelar i dette arbeidet, og er eit satsingsområde for fylkeskommunen. Dette krev ein aktiv skuleeigar, som stiller krav og er tydelege i forventingane sine til tenesta, samstundes som ein må leggje til rette for at tenesta utviklar seg og har den kompetansen som brukarane treng.

St.m.18 Læring og fellesskap (2010-11) seier dette om systemretta arbeid i pp-tenesta:

Kunnskapsgrunnlaget, viser til at PP-tjenesten opplever at de er i et krysspress. PP-tjenesten selv ønsker å arbeide mer systemrettet og bistå skoler med organisasjonsutvikling. Skolelederne er mest opptatt av å få hjelp knyttet til enkeltbarn og ønsker at PP-tjenesten skal prioritere arbeidet med sakkyndige vurderinger. I kapittel 3 Kunnskapsgrunnlaget, skriver departementet at utfordringen fremover ikke ensidig ligger i å endre PP-tjenestens perspektiv fra individorientering til systemorientering, men at skolens individorientering kanskje er vel så grunnleggende og vanskelig å endre.

Dette er ei felles utfordring for kommunane og fylkeskommunen.

Overgangen frå ungdomssteget til vidaregåande skule er kritisk for mange elevar. Det nasjonale prosjektet Ny GIV har hatt som må å auke talet på ungdomar som fullfører vidaregåande opplæring, og har hatt eitt av hovudfokusa på overgangane i grunnopplæringa. Ei synleg og godt kvalifisert pp-teneste som kan følgje eleven gjennom heile opplæringsløpet legg etter vår vurdering best til rette for dette.

[Den nasjonale strategien for etter- og vidareutdanning i PP-tenesta 2013-2018](#) tek også utgangspunkt i ei heilskapleg grunnopplæring, med tidleg innsats og gjennomgåande oppfølging.

Ei gjennomgåande pp-teneste har i hovudsak vore eit berande prinsipp for organiseringa i Sogn og Fjordane. Dette har vore tydeleg uttrykt frå både skulefagleg og politisk hald i tidlegare revisjonar av samarbeidsavtalane.

Sogn og Fjordane fylkeskommune er usikker på om rapporten frå forprosjektet gir eit godt nok grunnlag for å tilrå eit hovudprosjekt slik den ligg føre no.

Prosjektrapporten svarar ikkje på problemstillingane som er lista opp i prosjektplanen og i mandatet for prosjektgruppa. Verken samarbeidsløysingar, arbeidsoppgåver, stillingsomfang, gevinstar, finansiering og rutinar for sakshandsaming er drøfta eller konkluderte på. Dette meiner vi må vere eit heilt naudsynt grunnlag for eit eventuelt hovudprosjekt. Nokre av konklusjonane i rapporten byggjer i tillegg på synsing og udokumenterte påstandar.

Frå Sogn og Fjordane fylkeskommune sin ståstad vil ei gjennomgåande teneste for barnehage, grunnopplæringa og vaksne vere det optimale, både for det individretta og det systemretta arbeidet. Vi ønskjer alle ei teneste som fyller krava i lov og regelverk, og som vert opplevd som ein god og kompetanserik samarbeidspart, på alle nivå.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ser fram til eit vidare godt samarbeid om ei pedagogisk-psykologisk teneste, og ser gjerne at vi får ei meir aktiv rolle i eit eventuelt hovudprosjekt.

Med helsing

Tor-Einar Holvik Skinlo
ass. fylkesdirektør

Siri Merete Nedland
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Mottakar (ar)
Sogn regionråd

Kopi til:
Gunn Kirsten Fondenes, PPTS